



Sykkylven kommune

Arkiv:

JournalpostID: 25/2204-14

Saksbehandlar: Torbjørn Emblem

Dato: 09.11.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-27/25	Eldrerådet	17.11.2025
PS-27/25	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	17.11.2025
PS-32/25	Ungdomsrådet	17.11.2025
PS-38/25	Levekårsutvalet	19.11.2025
PS-58/25	Nærings- og utviklingsutvalet	18.11.2025
PS-27/25	Arbeidsmiljøutvalet	20.11.2025
PS-76/25	Formannskapet	27.11.2025
PS-	Kommunestyret	

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Formannskapet legg fram framlegg til vedtak for kommunestyre.

Eldrerådet - 27/25

ELD - behandling:

Kommunedirektør orienterte og svara på spørsmål.

Eldrerådet vedtok samrøystes kommunedirektør sitt framlegg til vedtak.

ELDVedtak:

Eldrerådet tar budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 til vitande.

Rådet for personar med funksjonsnedsetting - 27/25

FUNKS - behandling:

Felles sak til Eldrerådet, Ungdomsrådet og Rådet for personar med funksjonsnedsetting.

Kommunedirektør Torbjørn Emblem orienterte og svara på spørsmål.

Rådet tilrår samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

FUNKSVedtak:

Tilråding frå Rådet for personar med funksjonsnedsetting:

Formannskapet legg fram framlegg til vedtak for kommunestyre.

UNGD - behandling:

Felles orientering i lag med eldrerådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting.

Kommunedirektør Torbjørn Emblem og kommunalsjef oppvekst Linda Hovland presenterte og svarte på spørsmål.

Ungdomsrådet drøfta saka.

Omstillingstiltak som er foreslått innarbeidd i budsjettet:

Avvikle barne- og ungdomstiltaket Open storhall

Ungdomsrådet er ikkje enig i forslaget om å avvikle Open storhall. Rådet peiker på at tilbodet er ein viktig og trygg møteplass som gjer det lettare for ungdom å bli kjende på tvers av klassar og miljø.

Tilbodet bidreg til at ungdom samlast i hallen i staden for i sentrum.

Rådet meiner at å avvikle Open storhall vil svekke både sosiale møteplassar og forebyggjande arbeid for ungdom i kommunen.

Slå saman klasser (3. klasser på 8. trinn i 2026 og 2027)

Ungdomsrådet uttrykker uro for forslaget om å redusere talet på klassar på 8. trinn. Dei peiker på at større klassar kan føre til meir uro, gjere det vanskelegare for elevar å be om og få hjelp, og svekke læringsmiljøet.

Rådet meiner samanslåing vil stille større krav til lærarane, og at det i så fall burde vore ein ekstra lærar eller assistent til stades.

Seie opp avtale MOT

Ungdomsrådet ønsker å presisere at dersom ein skal seie opp avtalen med MOT er det viktig at kommunen legg inn tilsvarende aktivitetar i årshjulet.

Administrasjonen viste også ei større liste over vurderte tiltak som ikkje er foreslått innarbeidd i budsjettet. Ungdomsrådet drøfta heile lista, men peikte særleg på desse tiltaka som spesielt viktige å verne om:

- **Avgrensa innkjøp av nye lærebøker ved SUSK** - Elevane les mykje på skulen, og omfattande skjermbruk kan gi skrive- og lesevanskar og vere belastande for augene. Rådet peiker òg på at PC er meir distraherande enn lærebok.
- **Avvikle/ redusere sommarjobb for ungdom 15-19 år** - Sommarjobbbordninga er viktig for at ungdom får arbeidserfaring og ei første tilknytning til arbeidslivet.
- **Redusere forsterka team ved SUSK** - Forsterka team er avgjerande for elevar som treng ekstra oppfølging. Nokre elevar treng alternative arenaer til vanleg klasseromsundervisning, og dette må takast vare på.
- **Legge ned alternativ opplæringsarena ved Aure barneskule** - Tilbodet gir eit viktig alternativ for elevar med særskilde behov
- **Helsestasjon og skulehelseteneste** - Det er viktig at tenesta ikkje blir redusert då det allereie i dag er stor pågang og eit viktig tilbod for svært mange.
- **Kontantkassa** - Kontantkassa er sentral for å sikre at alle barn og unge kan delta i idrett og fritidsaktivitetar, uavhengig av økonomi. Ordninga bidreg til inkludering og fellesskap, og bør ikkje kuttast.

Ungdomsrådet utarbeida eit felles framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

UNGDVedtak:

Ungdomsrådet går i mot forslaga om å avvikle **Open storhall** og å **slå saman 8. trinn til 3 klasser**.

Rådet meiner at begge tiltaka vil svekke viktige møteplassar, læringsmiljø og det forebyggjande arbeidet for ungdom i kommunen.

Rådet peiker vidare på at dersom avtalen med **MOT** blir sagt opp, må kommunen sikre at tilsvarende aktivitetar blir vidareført i årshjulet.

Ungdomsrådet understrekar òg at fleire av dei vurderte, men ikkje foreslåtte, tiltaka er viktige for barn og unge, og ber om at desse ikkje blir aktuelle kutt i det vidare budsjettarbeidet

NU - behandling:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak frå kommunedirektør

NUVedtak:

Formannskapet legg fram framlegg til vedtak for kommunestyre.

Levekårsutvalet - 38/25

LK - behandling:

Kommunedirektør Torbjørn Emblem og kommunalsjefane presenterte og svara på spørsmål frå utvalet.

Utvalet drøfta saka.

Otto Magne Strømmegjerde la fram følgande framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet sluttar seg til kommunedirektøren sitt budsjettforslag utan endringar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LKVedtak:

Arbeidsmiljøutvalet - 27/25

AMU - behandling:

Arbeidsmiljøutvalet sin uttale til saka, foreslått av ,

Arbeidsmiljøutvalet uttrykker bekymring for at foreslått reduksjon i bemanning kan føre til auka belastning for tilsette og høgare sjukefråvær.

Arbeidsmiljøutvalet uttrykker bekymring for at foreslått reduksjon i bemanning kan føre til høgare sjukefråvær.

AMUVedtak:

Arbeidsmiljøutvalet uttrykker bekymring for at foreslått reduksjon i bemanning kan føre til auka belastning for tilsette og høgare sjukefråvær.

Formannskapet - 76/25

FSK - behandling:

Forslag til budsjettvedtak fra frp, foreslått av Arve Ekornes, Framstegspartiet

Budsjett Sykkylven kommune 2026 og økonomiplan 2026 – 2029 med endringer som vist.

Frå Framstegs partiet.

1.

Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, inkludert investeringsbudsjett 2026, slik det går fram av oppstillinga løyvingsoversikt etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettokument. Løyvingane til dei einskilteinvesteringsprosjekta vert fastsett slik som går fram av løyvingsoversikt «Investeringar i varige driftsmiddel» og løyvings oversikt «tilskot til andre sine investeringar», begge etter § 5-5, 2. ledd

2.

Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 8,680.000 til finansiering av investeringsprosjekt i 2026, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjerelånevilkåra.

3.

Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å ta opp likviditetslån eller opprette trekkrett innafor ei ramme på 30 mill. kroner.

4.

Kommunestyret vedtek låneopptak for inntil 10 mill. kroner til Startlån i 2026.

5.

Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, mellom anna for driftsbudsjett 2026, slik som går fram av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument. Løyvingane i form av nettoramme til dei einskildebudsjettområda, vert fastsett slik som går fram av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.

6.

Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt etter §§2 og 3 i Lov om eigedomsskatt til kommunane. Eigedomsskatten skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen unntateknerørings-eigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Satsen for eigedomsskatt for 2026 skal vere 2,1 promille. Forfall vert sett til 15. juni og 15. november.

7.

Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

8.

Kommunestyret fastsett nye satsar for gebyr, eigenbetalingssatsar mv. i 2026, slik endringane har blitt vedtekne i eigne saker. Kommunestyret vedtek generell aukeiprisane for 2026 med 3,5% for tenester som ikkje er spesifikt omhandla i desse sakene.

9.

Godtgjersla til ordføraren vert sett til 95 % av stortingsgodtgjersla som før.

10.

Totalt driftstilskot til Sykkylven kyrkjelege fellesråd blir sett til kr 5.160.100. Generelt Investeringsstilskot kr 300.000

11.

Budsjett til kontroll og revisjon (jf. forslag frå Sykkylven kontrollutval) blir sett til kr 1.680.000 fordelt slik: • Kontrollutvalet - møtegodtgjersle og kurs kr 192.000 • Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS) kr 438.000 • Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1.050.000 o Rekneskapsrevisjon kr 680.000 o Forvaltningsrevisjon kr 370.000

12.

Finansielle måltal for Sykkylven kommune skal vere:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter.

2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10% av brutto driftsinntekter innan 2030.

3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 130% in 2030 og 100% innan 2035

Tilleggsloøyvingar:

Frp vil fryse eigedomsskatten på dagens nivå på 2,1 promille. Kostnad 5 500 000 kr

Det vert løyvd 1,5 mill.kr øyremarka til nye plasser på BUAS etter flytting av dagens Korttidsrehab til nye lokaler.

Foreslått reduksjon på løypekøyning på Fjellsætra med 125.000 kr i 2026 og 250.000 kr i 2027-2029 blir reversert. Tilsvarandebeløp vert løyvd i budsjettet.

Foreslått reduksjon av støtte til toalett på kunstgrasbana med 13.000 kr i 2026 og 25.000 i 2027-2029 blir reversert. Tilsvarande beløp vert løyvd i budsjettet.

Vidareføring av Open Storhall 105 000kr

Totale tilleggsløyvingar: Kr: 7 500 000

Dette vert finasiert som fylgjer:

Endring av utbytteplan frå Sykkylven Energi dei 4 neste åra:

Frå foreslått: 12 000 000+12 000 000+10 000 000 +7 000 000 = 41 000 000kr

Til 14 000 000+12 000 000+8 000 000 +7 000 000 = 41 000 000

Auka utbytte Sykkylven energi gir 2 000 000kr ekstra i 2026

Auka skatteinngang 2 000 000kr.

Auka forventning til statsbudsjett på 2 500 000kr.

Redusert vikarbruk 1 000 000kr.

Total auke i inntekter 7 500 000kr

- Forslag til budsjett frå Høgre, foreslått av Birgitte S. Bonesmo, Høgre

Budsjett Sykkylven Kommune 2026 og økonomiplan 2026 – 2029 med endringer som vist.

Sykkylven Høgre

1. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, inkludert investeringsbudsjett 2026, slik det går fram av oppstillinga løyvingsoversikt etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettokument. Løyvingane til dei einskilde investeringsprosjekta vert fastsett slik som går fram av løyvingsoversikt «Investeringar i varige driftsmiddel» og løyvingsoversikt «Tilskot til andre sine investeringar», begge etter § 5-5, 2. ledd
2. Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 8.080.000 til finansiering av investeringsprosjekt i 2026, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å ta opp likviditetslån eller opprette trekkrett innafor ei ramme på 30 mill. kroner.
4. Kommunestyret vedtek låneopptak for inntil 10 mill. kroner til Startlån i 2026.
5. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, mellom anna for driftsbudsjett 2026, slik som går fram av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettokument. Løyvingane i form av nettoramme til dei einskilde budsjettområda, vert fastsett slik som går fram av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.
6. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt etter §§2 og 3 i Lov om eigedomsskatt til kommunane. Eigedomsskatten skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Satsen for eigedomsskatt for 2026 skal vere 3,1 promille. Forfall vert sett til 15. juni og 15. november.
7. Skatt på inntekt og formue for forskotspliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.
8. Kommunestyret fastsett nye satsar for gebyr, eigenbetalingssatsar mv. i 2026, slik endringane har blitt vedtekne i eigne saker. Kommunestyret vedtek generell auke i prisane for 2026 med 3,5 % for tenester som ikkje er spesifikt omhandla i desse sakene.
9. Godtgjersla til ordføraren vert sett til 95 % av stortingsgodtgjersla som før.
10. Totalt driftstilskot til Sykkylven kyrkjelege fellesråd blir sett til kr 5.160.100. Generelt Investeringstilskot kr 300.000
11. Budsjett til kontroll og revisjon (jf. forslag frå Sykkylven kontrollutval) blir sett til kr 1.680.000 fordelt slik: • Kontrollutvalet – møtegodtgjersle og kurs kr 192.000 • Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS) kr 438.000 • Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1.050.000 o Rekneskapsrevisjon kr 680.000 o Forvaltningsrevisjon kr 370.000
12. Finansielle måltal for Sykkylven kommune skal vere:
 1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter.
 2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10% av brutto driftsinntekter innan 2030.
 3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 130% in 2030 og 100% innan 2035

Tilleggsloøyvingar:

- Det vert løyvt 3 mill.kr øyremerka til nye plasser på BUAS etter flytting av dagens Korttidsrehab til nye lokaler.
- Foreslått reduksjon til barnevern på 200.000 kr blir reversert.
- Foreslått reduksjon på 300.000 kr til ITO/personleg assistanse paragraf 11.4 i opplæringslova blir reversert.
- Foreslått reduksjon på løypekøyning på Fjellsætra med 125.000 kr i 2026 og 250.000 kr i 2027-2029 blir reversert. Tilsvarande beløp vert løyvd i budsjettet.

- Foreslått reduksjon av støtte til toalett på kunstgrasbana med 13.000 kr i 2026 og 25.000 i 2027-2029 blir reversert. Tilsvarende beløp vert løyvd i budsjettet.

Totale tilleggsløyvingar: Kr: 3 638 000,-

Dette vert finansiert som fylgjer:

- Endring av utbytteplan frå Sykkylven Energi dei 4 neste åra:

Frå foreslått: $12+12+10+7 = 41,0$ mill

- Til $14+12+8+7 = 41,0$ mill
- Effekt: 2,0 mill ekstra i 2026
- Auke i gebyr byggesaker Kr: 400 000,- i 2026
- Auke i skatteanslag Kr: 2,0 mill
- Total auke i inntekter: Kr: 4 400 000,-

Rest, Kr: 762 000,- overføres Dispfond.

Forslag til vedtak frå AP og SP, foreslått av Hans Petter Brunstad Sørensen, Arbeiderpartiet

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Frå Sykkylven AP og SP

1. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, inkludert investeringsbudsjett 2026, slik det går fram av oppstillinga løyvingsoversikt etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument.

Løyvingane til dei einskilte investeringsprosjekta vert fastsett slik som går fram av løyvingsoversikt «Investeringar i varige driftsmiddel» og løyvingsoversikt «Tilskot til andre sine investeringar», begge etter § 5-5, 2. ledd

2. Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 8.080.000 inkl. mva. til finansiering av investeringsprosjekt i 2026, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å ta opp likviditetslån eller opprette trekkrett innafor ei ramme på 30 mill. kroner.

4. Kommunestyret vedtek låneopptak for inntil 10 mill. kroner til Startlån i 2026.

5. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, mellom anna for driftsbudsjett 2026, slik som går fram av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettdokument.

Løyvingane i form av nettoramme til dei einskilte budsjettområda, vert fastsett slik som går fram av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.

Verbaltillegg til punkt 5:

I **Open storhall:** Kommunestyret ber om at ordninga med open storhall blir organisert i samarbeid med Frivillighetssentralen, og med foreldre som tilsynsvakter. Kommunestyret legg til grunn at ordninga skal vere lågterskel, trygg og utan auka driftskostnader for kommunen.

II **Storfjordsambandet:** I samband med handsaminga av budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2026–2029 konstaterer kommunestyret at det ikkje er sett av midlar til kjøp av tenester frå Storfjordsambandet i denne perioden.

Kommunestyret ønskjer likevel å halde oppe engasjementet i prosjektet, og gjer følgjande vedtak: «Kommunestyret ber om at spørsmålet om økonomisk støtte til Storfjordsambandet blir teke opp på nytt over nyttår, **dersom Stranda kommune sluttar seg til alternativ B**, slik både Ålesund og Sykkylven tidlegare har gjort.

Kommunedirektøren blir beden om å leggje fram ei oppdatert vurdering av mogleg finansiering når dette ligg føre.»

III Kommunestyret ber kommunedirektøren om ein plan om sal av kommunale bygningar.

IV Kommunestyret ber kommunedirektøren om ein plan på innføring av langvakter og årsturnus i heile pleie og omsorgstenestene. (Averøymodellen). Dette for å redusere bruken av vikarbyrå.

V Kommunestyret bes på nytt å vurdere å ikkje gå inn for forslaget om samanslåing av klassar ved Sykkylven ungdomsskule. Vurderinga må gjerast når endeleg statsbudsjett for 2026 ligg føre.

6. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt etter §§2 og 3 i Lov om eigedomsskatt til kommunane. Eigedomsskatten skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Satsen for eigedomsskatt for 2026 skal vere 3,1 promille.

Forfall vert sett til 15. juni og 15. november.

7. Skatt på inntekt og formue for forskotsppliktige skattyttarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

8. Kommunestyret fastsett nye satsar for gebyr, eigenbetalingssatsar mv. i 2026, slik endringane har blitt vedtekne i eigne saker. Kommunestyret vedtek generell auke i prisane for 2026 med 3,5 % for tenester som ikkje er spesifikt omhandla i desse sakene.

9. *Ordførar si godtgjersle vert fastsett til 95 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle føregåande år. Ordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjersle i tillegg.»*

10. Totalt driftstilskot til Sykkylven kyrkjelege fellesråd blir sett til kr 5.160.100. Generelt Investeringstilskot kr 300.000

11. Budsjett til kontroll og revisjon (jf. forslag frå Sykkylven kontrollutval) blir sett til kr 1.680.000 fordelt slik:

Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kurs kr 192.000

Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS) kr 438.000

Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1.050.000

--Rekneskapsrevisjon kr 680.000

--Forvaltningsrevisjon kr 370.000

12. Finansielle måltal for Sykkylven kommune skal vere:

I Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter.

II Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10% av brutto driftsinntekter innan 2030.

III Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 130% innan 2030 og 100% innan 2035.

Fellesframlegg frå Høgre, Ap og Sp, foreslått av Birgitte S. Bonesmo, Høgre

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Frå Sykkylven Høgre, Arbeidarparti og Senterparti

1. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, inkludert investeringsbudsjett 2026, slik det går fram av oppstillinga løyvingsoversikt etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettokument. Løyvingane til dei einskilde investeringsprosjekta vert fastsett slik som går fram av løyvingsoversikt «Investeringar i varige driftsmiddel» og løyvingsoversikt «Tilskot til andre sine investeringar», begge etter § 5-5, 2. ledd

2. Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 8.080.000 inkl. mva til finansiering av investeringsprosjekt i 2026, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket.

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å ta opp likviditetslån eller opprette trekkrett innafor ei ramme på 30 mill. kroner.

4. Kommunestyret vedtek låneopptak for inntil 10 mill. kroner til Startlån i 2026.

5. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, mellom anna for driftsbudsjett 2026, slik som går fram av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettokument. Løyvingane i form av nettoramme til dei einskilde budsjettområda, vert fastsett slik som går fram av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.

6. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt etter §§2 og 3 i Lov om eigedomsskatt til kommunane. Eigedomsskatten skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for

petroleum. Satsen for eideomsskatt for 2026 skal vere 3,1 promille. Forfall vert sett til 15. juni og 15. november.

7. Skatt på inntekt og formue for forskotsppliktige skattytarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

8. Kommunestyret fastsett nye satsar for gebyr, eigenbetalingssatsar mv. i 2026, slik endringane har blitt vedtekne i eigne saker. Kommunestyret vedtek generell auke i prisane for 2026 med 3,5 % for tenester som ikkje er spesifikt omhandla i desse sakene.

9. Godtgjersla til ordføraren vert sett til 95 % av stortingsgodtgjersla som før.

10. Totalt driftstilskot til Sykkylven kyrkjelege fellesråd blir sett til kr 5.160.100. Generelt Investeringsstilskot kr 300.000

11. Budsjett til kontroll og revisjon (jf. forslag frå Sykkylven kontrollutval) blir sett til kr 1.680.000 fordelt slik: • Kontrollutvalet – møtegodtgjersle og kurs kr 192.000 • Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS) kr 438.000 • Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1.050.000 o Rekneskapsrevisjon kr 680.000 o Forvaltningsrevisjon kr 370.000

12. Finansielle måltal for Sykkylven kommune skal vere:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter.

2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10% av brutto driftsinntekter innan 2030.

3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 130% in 2030 og 100% innan 2035

Tilleggslovingar:

- Det vert løyvt 3 mill.kr øyremarka til nye plasser på BUAS etter flytting av dagens Korttidsrehab til nye lokaler.
- Foreslått reduksjon til barnevern på 200.000 kr blir reversert.
- Foreslått reduksjon på 300.000 kr til ITO/personleg assistanse paragraf 11.4 i opplæringslova blir reversert.
- Foreslått reduksjon på løypekøyring på Fjellsætra med 125.000 kr i 2026 og 250.000 kr i 2027-2029 blir reversert. Tilsvarande beløp vert løyvd i budsjettet.
- Foreslått reduksjon av støtte til toalett på kunstgrasbana med 13.000 kr i 2026 og 25.000 i 2027-2029 blir reversert. Tilsvarande beløp vert løyvd i budsjettet.
- Totale tilleggsløvingar: Kr: 3 638 000,-

Dette vert finansiert som fylgjer:

- Endring av utbytteplan frå Sykkylven Energi dei 4 neste åra:

Frå foreslått: $12+12+10+7 = 41,0$ mill

- Til $14+12+8+7 = 41,0$ mill
- Effekt: 2,0 mill ekstra i 2026
- Auke i gebyr byggesaker Kr: 400 000,- i 2026
- Auke i skatteanslag Kr: 2,0 mill
- Total auke i inntekter: Kr: 4 400 000,-

Rest, Kr: 762 000,- overføres Dispfond.

Verbalt tillegg til punkt 5:

1. **Open storhall:** Kommunestyret ber om at ordninga med open storhall blir organisert i samarbeid med Frivillighetssentralen, og med foreldre som tilsynsvakter. Kommunestyret legg til grunn at ordninga skal vere lågterskel, trygg og utan auka driftskostnader for kommunen.
2. **Storfjordsambandet:** I samband med handsaminga av budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2026–2029 konstaterer kommunestyret at det ikkje er sett av midlar til kjøp av tenester frå Storfjordsambandet i denne perioden. Kommunestyret ønskjer likevel å halde oppe engasjementet i prosjektet, og gjer følgjande vedtak:
«Kommunestyret ber om at spørsmålet om økonomisk støtte til Storfjordsambandet blir teke

*opp på nytt over nyttår, dersom Stranda kommune sluttar seg til alternativ B, slik både Ålesund og Sykkylven tidlegare har gjort.
Kommunedirektøren blir beden om å leggje fram ei oppdatert vurdering av mogleg finansiering når dette ligg føre.»*

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ein plan om sal av kommunale bygningar.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ein plan på innføring av langvakter og årsturnus i heile pleie og omsorgstenestene. (Averøymodellen). Dette for å redusere bruken av vikarbyrå.
5. Kommunestyret bes på nytt å vurdere å ikkje gå inn for forslaget om samanslåing av klassar ved Sykkylven ungdomsskule. Vurderinga må gjerast når endeleg statsbudsjett for 2026 ligg føre.

Behandling:

Birgitte Bonesmo tok opp spørsmål om habilitet som styreleiar i Sykkylven friluftssenter og gjekk frå. Frank Kjøde tok sete som vara. Ho vart vedteken habil med 8 mot 1 røyst og tok sete igjen.

Høgre bad om gruppemøte etter at 3 forslag var sett fram. Dette vart innvilga.
Etter gruppemøtet vart det ikkje sett fram fleire forslag.

Avrøysting:

Forslaget frå Frp fekk 2 røyster.

Forslaget frå H fekk 3 røyster

Forslaget frå SP og AP fekk 4 røyster.

Dette er ikkje gyldig budsjettinnstillingsvedtak då ingen av forslaga fekk fleirtal.

Saka vart dermed tatt opp til vidare handsaming etter pausen. Då hadde Torill Velle fått permisjon og Frank Kjøde tok sete som vara.

Ordførar bad om nytt gruppemøte, dette vart innvilga.

Etter gruppemøtet sette Høgre fram nytt fellesframlegg frå Høgre, Ap og Sp.

Frp opprettheldt sitt første forslag.

Ved avrøysting vart fellesframlegget frå Høgre, Ap og Sp vedteke tilrådd med 6 røyster, Frp sitt forslag fekk 3 røyster.

Fleirtalstilrådinga vert å legge ut til offentleg ettersyn i medhald av kommunelova § 14-3, 4.ledd.

FSKVedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin investeringsdel, inkludert investeringsbudsjett 2026, slik det går fram av oppstillinga løyvingsoversikt etter § 5-5, 1. ledd vist i framlagte budsjettokument. Løyvingane til dei einskilte investeringsprosjekta vert fastsett slik som går fram av løyvingsoversikt «Investeringar i varige driftsmiddel» og løyvingsoversikt «Tilskot til andre sine investeringar», begge etter § 5-5, 2. ledd
2. Kommunestyret vedtek ei låneramme på kr 8.080.000 inkl. mva til finansiering av investeringsprosjekt i 2026, og med 30 år som nedbetalingstid for låneopptaket. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån innanfor denne ramma, og avgjere lånevilkåra.
3. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å ta opp likviditetslån eller opprette trekkrett innafor ei ramme på 30 mill. kroner.
4. Kommunestyret vedtek låneopptak for inntil 10 mill. kroner til Startlån i 2026.
5. Kommunestyret vedtek løyvingar og finansiering i økonomiplanen sin driftsdel, mellom anna for driftsbudsjett 2026, slik som går fram av oppstillinga løyvingsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd vist i framlagte budsjettokument. Løyvingane i form av nettoramme til dei einskilte budsjettområda, vert fastsett slik som går fram av oversikten etter § 5-4, 2. ledd.
6. Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt etter §§2 og 3 i Lov om eigedomsskatt til kommunane. Eigedomsskatten skal gjelde faste eigedomar i heile kommunen unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for

petroleum. Satsen for eigedomsskatt for 2026 skal vere 3,1 promille. Forfall vert sett til 15. juni og 15. november.

7. Skatt på inntekt og formue for forskotsppliktige skattyttarar vert skrive ut med maksimalt skattøyre.

8. Kommunestyret fastsett nye satsar for gebyr, eigenbetalingssatsar mv. i 2026, slik endringane har blitt vedtekne i eigne saker. Kommunestyret vedtek generell auke i prisane for 2026 med 3,5 % for tenester som ikkje er spesifikt omhandla i desse sakene.

9. Godtgjersla til ordføraren vert sett til 95 % av stortingsgodtgjersla som før.

10. Totalt driftstilskot til Sykkylven kyrkjelege fellesråd blir sett til kr 5.160.100. Generelt Investeringsstilskot kr 300.000

11. Budsjett til kontroll og revisjon (jf. forslag frå Sykkylven kontrollutval) blir sett til kr 1.680.000 fordelt slik: • Kontrollutvalet – møtegodtgjersle og kurs kr 192.000 • Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS) kr 438.000 • Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 1.050.000 o Rekneskapsrevisjon kr 680.000 o Forvaltningsrevisjon kr 370.000

12. Finansielle måltal for Sykkylven kommune skal vere:

1. Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter.

2. Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10% av brutto driftsinntekter innan 2030.

3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 130% in 2030 og 100% innan 2035

Tilleggslovingar:

- Det vert løyvt 3 mill.kr øyremarka til nye plasser på BUAS etter flytting av dagens Korttidsrehab til nye lokaler.
- Foreslått reduksjon til barnevern på 200.000 kr blir reversert.
- Foreslått reduksjon på 300.000 kr til ITO/personleg assistanse paragraf 11.4 i opplæringslova blir reversert.
- Foreslått reduksjon på løypekøyring på Fjellsætra med 125.000 kr i 2026 og 250.000 kr i 2027-2029 blir reversert. Tilsvarande beløp vert løyvd i budsjettet.
- Foreslått reduksjon av støtte til toalett på kunstgrasbana med 13.000 kr i 2026 og 25.000 i 2027-2029 blir reversert. Tilsvarande beløp vert løyvd i budsjettet.
- Totale tilleggsløvingar: Kr: 3 638 000,-

Dette vert finansiert som fylgjer:

- Endring av utbytteplan frå Sykkylven Energi dei 4 neste åra:

Frå foreslått: $12+12+10+7 = 41,0$ mill

- Til $14+12+8+7 = 41,0$ mill
- Effekt: 2,0 mill ekstra i 2026
- Auke i gebyr byggesaker Kr: 400 000,- i 2026
- Auke i skatteanslag Kr: 2,0 mill
- Total auke i inntekter: Kr: 4 400 000,-

Rest, Kr: 762 000,- overføres Dispfond.

Verbalt tillegg til punkt 5:

1. **Open storhall:** Kommunestyret ber om at ordninga med open storhall blir organisert i samarbeid med Frivillighetssentralen, og med foreldre som tilsynsvakter. Kommunestyret legg til grunn at ordninga skal vere lågterskel, trygg og utan auka driftskostnader for kommunen.
2. **Storfjordsambandet:** I samband med handsaminga av budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2026–2029 konstaterer kommunestyret at det ikkje er sett av midlar til kjøp av tenester frå Storfjordsambandet i denne perioden. Kommunestyret ønskjer likevel å halde oppe engasjementet i prosjektet, og gjer følgjande vedtak:
«Kommunestyret ber om at spørsmålet om økonomisk støtte til Storfjordsambandet blir teke

opp på nytt over nyttår, dersom Stranda kommune sluttar seg til alternativ B, slik både Ålesund og Sykkylven tidlegare har gjort. Kommunedirektøren blir beden om å leggje fram ei oppdatert vurdering av mogleg finansiering når dette ligg føre.»

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ein plan om sal av kommunale bygningar.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ein plan på innføring av langvakter og årsturnus i heile pleie og omsorgstenestene. (Averøymodellen). Dette for å redusere bruken av vikarbyrå.
5. Kommunestyret bes på nytt å vurdere å ikkje gå inn for forslaget om samanslåing av klassar ved Sykkylven ungdomsskule. Vurderinga må gjerast når endeleg statsbudsjett for 2026 ligg føre.

Bakgrunn for saka

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029.

Saksopplysningar

Regjeringa har lagt fram sitt framlegg til Statsbudsjett for 2026 med tilhøyrande rammer for kommunal sektor.

Framlegget skal gjennom forhandlingar på Stortinget med samarbeidspartia før endeleg Statsbudsjett og løyvingar til kommunane er klar.

Endelege overføringer vert vedteke i Stortingshandsaminga i desember månad.

Samla overføringer av frie inntekter (skatt og ramme) kjem fram i budsjettframlegget i tabellar under hovedpunkt 3 i budsjettdokumentet til Sykkylven kommune.

Kommunedirektøren har laga eit budsjettframlegg for åra 2026 - 2029 for Sykkylven kommune som var presentert for kommunestyre den 10.november.

Budsjettframlegget inneheld tilpasningar og reduksjonar på utgiftssida og nødvendige auke i inntektssida til Sykkylven kommune. Budsjettet for 2026 er saldert med bruk av fond på ca 1,5 million. Det er langt fra måltallet på 1,75% i positiv resultatgrad for å kunne byggje ein bærekraftig kommuneøkonomi som gjev trygge og forsvarlege tenester over tid i Sykkylven. Økonomiplanen med sine forutsetningar og føringar gjev ein betring i resultatgraden fra 2027 og utover.

Budsjettframlegget gjev likevel eit godt grunnlag for fortsatt forsvarlege tenester i kommunen på dei fleste område.

Budsjetttrammene på dei store tenestene innan helse og oppvekst er likevel under press i ein marginal kommuneøkonomi.

Rekruttering vert fortsatt ei utfordring gjennom 2026 innan ulike stillingar og fagtenester.

Beredskap kjem til å krevje både tid og ressursar i heile økonomiplanperioden, i dei urolige og krevjande tidene vi er i både globalt, nasjonalt og lokalt.

Gjennom året 2026 bør ein ytterlegare planlegge og kvalitetssikre økonomiplanperioden 2026-2028

Vurdering

Kommunedirektøren sitt framlegg er lagt fram - jf vedlegg i denne saka.

Økonomiske konsekvensar

Kjem fram i kommunedirektøren sitt framlegg

Klima og miljøpåvirking

Ikkje vurdert no.

Torbjørn Emblem
kommunedirektør

Torbjørn Emblem